



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjeleg fellesnemnd for Alver

Særutskrift av Møtebok; Sak F-17/2018 om Tenesteyting

Det var møte i

Utval Kyrkjeleg fellesnemnd
Møtedato Onsdag 30.mai 2018
Møtetid Kl. 16.00-18.20
Møtestad Møteplassen, Meland kyrkjekontor

Desse møtte:

Frå Lindås kyrkjelege fellesråd:

Ivar Eidsheim,
Turid Sporsheim Tvedt
Harald Osland Øvretveit

Frå Radøy sokneråd:

Kirsten Skage Mellingen

Frå Meland sokneråd

Bent Gunnar Næss
Einar Reigstad

Frå kommunal fellesnemnd:

Bjarte Vatnøy

Geistleg representant:

Geir Sørebø (prost i Nordhordland)

Forfall:

Gunnar Kartveit
Grethe Lunde

Kyrkjeverjene i Lindås, Radøy og Meland: Torgeir Paulsen, Audun Sylta, Anne Sofie Nergård Uthaug



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjeleg fellesnemnd for Alver

F – 17/2018

Tenesteyting

Framlegg til vedtak:

1. Alver kyrkjelege fellesnemnd ønskjer å avvikle dei tenesteytingsavtalane som i dag eksisterer mellom dagens kyrkjelege fellesråd og kommunane.
2. Ein legg til grunn for vedtaket at dei faktiske tenestene som ligg i avtalen blir kompensert fullt ut.
3. Det er ønskjeleg å innarbeide denne endringa i budsjettet for 2020.
4. Nokre av dei kommunalt tilsette ved Meland gravplass har spesielle oppgåver innanfor gravstellet på gravplassen. Av omsyn til desse ønskjer ein å kunne tilpasse tempoet i denne prosessen etter behov.

Vedtak:

1. Alver kyrkjelege fellesnemnd ønskjer å avvikle dei tenesteytingsavtalane som i dag eksisterer mellom dagens kyrkjelege fellesråd og kommunane.
2. Ein legg til grunn for vedtaket at dei faktiske tenestene som ligg i avtalen blir kompensert fullt ut.
3. Det er ønskjeleg å innarbeide denne endringa i budsjettet for 2020.
4. Nokre av dei kommunalt tilsette ved Meland gravplass har spesielle oppgåver innanfor gravstellet på gravplassen. Av omsyn til desse ønskjer ein å kunne tilpasse tempoet i denne prosessen etter behov.

for Alver kyrkjelege fellesnemnd,

S. Paulsen

Sak F - 17/2018

Om tenesteyting

Kyrkjelova seier følgjande i §15, 4. ledd:

Etter avtale med kirkelig fellesråd kan kommunal tjenesteyting tre i stedet for særskilt bevilgning til formål som nevnt i denne paragraf.

Denne avgjerda har vore mykje nytta, og dei fleste kyrkjelege fellesråd har sidan den lokale kyrkja vart skilt frå kommunen hatt slik avtale for større eller mindre område. Typiske områder er oppgåver innanfor administrasjon / merkantile tenester og gravplass / forvalting av kyrkjebygg og anna eidegdomsmasse. Under tenesteytingsavtaler kan ein og finne høve til å nytte kommunale innkjøpsavtalar. Kort oppsummert kan ein seie at tenesteyting har vore nytta der storleiken på det lokale fellesrådet har gjort det særleg krevjande å gjere investeringar eller etablere og halde ved like spesialkompetanse.

Sjølv om det ikkje skjer overføring av pengar frå kommunen til kyrkjeleg fellesråd ved ein slik avtale, skal det likevel skje ei rekneskaps-messig føring av verdien av dei tenestane som vert ytt. (Slike transaksjonar inngår m.a. i samla grunnlag for berekning av kommunale tilskot til andre trus- og livssynssamfunn). Kontoplanen for så vel kyrkja som kommunen har eigne konti for slike kalkulatoriske transaksjonar.

Ved inngåing av slike avtalar er følgjande viktig:

1. Avtale – underteikna av begge partar

Det er inga plikt til å opprette slike avtalar. Begge partar er derfor sjølvstendige og likeverdige partar som ser gjensidig føremon ved å dekkje eit behov på denne måten. Endring / opphør av avtalen vil derfor følgje vanlege, avtalerettslege reglar.

2. Berekning av pris / verdi for dei einskilde tenestane

Det er viktig at slike avtalar vert oppdatert med reelle beløp. Dette betyr at kommunen må ha system i form av tidsregistrering, areal, evt mengde for å fastsette desse verdiane. Om tenestytinga vert erstatta av direkte kommunale tilskot vil eit misforhold her kunne skape problem for kyrkjeleg fellesråd sin økonomi.

I kva for grad er det aktuelt for Alver kyrkjelege fellesråd å nytte tenesteyting i staden for direkte tilskot?

Som nemnd i avsnittet over er denne løysinga særleg aktuell i mindre fellesråd der det ikkje er naturleg eller mogeleg å ha tilsette med all naudsynt kompetanse, eller der aktiviteten i fellesrådet ikkje er så stor at t.d. naudsynte investeringar er naturlege å gjere.

I dag er situasjonen den at bruken av tenesteyting (som det meste anna) er nokså ulik mellom dagens fellesråd:

- Radøy: - Ingen tenesteyting
- Lindås: - IKT – Telefon – tilgang til komm. innkjøpsavtalar
- Meland: - Gravplassdrift – vedlikehald kyrkjebygg - IKT – telefon – kopiering – porto

Her kan ein konstatere at Meland som eitt-sokns kommune / fellesråd har tenesteyting knytt til bygg og anlegg. Om ein ser nærmare på dette vil ein og sjå at Meland har ei kyrkje og ein (hovud-) gravplass. Omfanget og kompleksiteten på dette området er slik at det for Meland sitt vedkomande har lagt godt til rette for tenesteyting. Lindås og Radøy som både to har fleire kyrkje og fleire gravplassar har ikkje tenesteyting, noko som seier at desse organisasjonane har denne kompetansen.

Så vel Lindås som Meland har i tillegg tenesteyting knytt til merkantile funksjonar og kontorstøtte-system. Radøy, som er det minste fellesrådet har ikkje desse ytingane, noko som tyder at dei alt har denne kompetansen i sin organisasjon på sitt nivå. (Det nye fellesrådet vil få ein meir kompleks organisasjon enn Radøy har, men dette er ikkje avgjerande.)

Slik ein ser omrisset av det komande Alver kyrkjelege fellesråd vil det ikkje vere naudsint å vurdere tenesteyting grunna manglande kompetanse i organisasjonen. Nokon i det nye fellesrådet utførar alt slike oppgåver som andre har tenesteyting på. I tillegg kjem at ein vil stå fritt (?) innanfor dei økonomiske rammene ein får, til å designe organisasjonen ut frå dei tilhøva den skal handtere. Ikkje minst vil situasjonen for den nye kommunen bli heilt snudd frå tre fellesråd som kvar for seg kan ha hatt trong for avgrensa «hjelp» frå sin kommune, til eit fellesråd med så kompleks organisasjon og så stor eigedomsmasse at det knapt er interessant for kommunen å la seg binde opp i ein avtale, ettersom denne vil bli ressurs-krevjande for kommunen.

Spesielt om Meland – gravplass og kyrkjebygg

Meland sokneråd og Meland kommune har ei tenesteytingsavtale i dag som seinast var fornya i 2015. Denne er bygd opp i tråd med dei tilrådingar som er gjevne: her kvantifiserer ein kor mange årsverk og oppgåver som ligg i avtalen. Det er mogeleg å kommentere dei einskilde beløpa, men i hovudsak er oppsettet bra.

I Meland fungerer samarbeidet med kommunen sine tilsette godt, og samlokaliseringa med grøn avdeling vert opplevd som positiv og tenleg.

Av omsyn til dei tilsette som er involvert i desse oppgåvene og andre praktiske tilhøve er det ønskjeleg å bruke litt tid på å drøfte denne delen av avtalen i Meland, jamvel om det generelt er ei haldning frå prosjektgruppa og AU at tenesteytingsavtalene bør avviklast.

Kommentar til Lindås – IKT og telefon

Når det for Lindås sin del står at ein har tenesteyting i samband med IKT og telefon er dette ein samansett røyndom. Rett nok har fellesrådskontoret i Lindås same plattform som kommunen når det gjeld IKT og rett nok kan ein kome fram til kyrkjeleg fellesråd via kommunen sitt sentralbord, men når det gjeld drifta betaler kyrkja dette sjølv.

Inntrykk etter møte med programansvarleg (Forthun) 16. mai 2018

Leiar i fellesnemnda og dei tre kyrkjeverjene hadde eit møte med programansvarleg for Alver kommunale fellesnemnd, Ørjan Forthun den 16. mai. I dette møtet vart denne saka drøfta. Programansvarleg ga då tilslutning til at kyrkjeleg fellesnemnd signaliserte eit standpunkt no, og at ein heller tilpassa tempoplan etter behov.

Framlegg til vedtak:

1. Alver kyrkjelege fellesnemnd ønskjer å avvikle dei tenesteytingsavtalane som i dag eksisterer mellom dagens kyrkjelege fellesråd og kommunane.
2. Ein legg til grunn for vedtaket at dei faktiske tenestene som ligg i avtalen blir kompensert fullt ut.
3. Det er ønskjeleg å innarbeide denne endringa i budsjettet for 2020.
4. Nokre av dei kommunalt tilsette ved Meland gravplass har spesielle oppgåver innanfor gravstellet på gravplassen. Av omsyn til desse ønskjer ein å kunne tilpasse tempoet i denne prosessen etter behov.

